

NOTAT

Vedlegg: B-1

TIL: Alver kommune, Byggjesak
KOPI: Naboar

SAK: SVEÅSEN AS.

MJÅTVEITMARKA B1 OG B3. SVEÅSEN BUSTADFELT. GNR. 322
BNR. 247 M.FL. VEG-, VATN- OG AVLAUPSANLEGG.
SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN FOR
MJÅTVEITMARKA, FELT B1 OG B3 (ID 1256-20060002).

På vegne av tiltakshavar søker me med dette om dispensasjon frå reguleringsplan for Mjåtveitmarka, felt B1 og B3 (ID 1256-20060002).


I forbindelse med nytt bustadfelt på Sveåsen i Mjåtveitmarka og tilkomstveg til feltet, skal det etablerast vendehammar i enden av vegen.

SKILDNING AV TILTAKET

Nytt planområde legg til rett for etablering av til saman 25 nye bustader fordelt på 4 rekkehus, bustadbygg med 8 einingar og 13 einebustader, samt parkeringsplass, leikeplassar og friluftsområde.

I den forbindelse skal deler av eksisterande privat sideveg til Mjåtveitmarka og gangveg utbetrast, samt det skal etablerast ny tilkomstveg gjennom feltet (Veg 1.2). Veg 1.2 byggjast med ein lengde på ca. 200m og ein breidde som varierer mellom 4,0 til 4,5m. Frå vegen går det avkøyrslar og mindre veger fram til tomtene i feltet.

I enden av vegen skal det etablerast vendehammar for at større køyretøy skal kunne snu. Vendehammaren er prosjektert i samsvar med Statens vegvesen sin handbok N100 Veg- og gateutforming, figur 4.52 – Vendehammer for liten lastebil (LL).




Figur 1: Utsnitt reguleringsplan som viser vendehammar.

KONSEKVENSER

Vendehammaren bør byggjast i samsvar med krav frå handbok N100, og vil dermed avvike frå regulerte linjer, ettersom dei regulerte linjene følgjer eigedomsgrenser i staden for korrekt vegteknisk utforming.

Ein konsekvens av å bygge vendehammar i høve til krav, er at den delvis vil delvis ligge inne på areal som i reguleringsplanen er satt av til bustadformål. Dette vil føre til at tilgjengeleg tomtareal vil blir redusert.



Figur 2: Illustrasjon reguleringsplan (oransje linjer) i forhold til omsøkt vendehammar.

BEGRUNNELSE FOR DISPENSASJON

I motsetning til prosjektert veg, er ikkje regulerte veglinjer i samsvar med krav gitt av handbok N100. For at dimensjonerande køyretøy skal ha moglegheit til å snu, må vendeammaren byggjast i høve til krava.

Konsekvensen ved at vendeammaren blir bygd inne på areal for bustadformål blir sett på som uviktig, då det er tillate å bygge veg inne på dette arealet.

Det søkjast dispensasjon frå reguleringsplanen for å kunne tilfredsstillе krava som er gitt av handbok N100 for dimensjonering av vendehammar for dimensjonerande køyretøy, liten lastebil (LL), og for at vendeammaren skal kunne verte køyrbar.

Med venleg helsing

Halvor Fretland

Kopi av brev og vedlegg:
Sveåsen AS v/ Christian Vik